Turistskip og fritidsbåtar i Storsund.

26.07.2017

Turistskipet MS AMADEA i Storsund v/ Rød i går kveld.

Tysdag i denne veka var den store dagen for cruiseskip og fritidsbåtar i Storsund. Hobbyfotografane Øystein Enæs, Arne Rød og Vidar Koløy var kjapt på plass med kamera og la ut vakre motiv. Størst av turistskipa var MS AMADEA på knappe 30000 Brt. Skipet kom framom Korsneset med 14 knops fart, men farten vart kraftig redusert ved gjennomgang i Gavelen.

MS AMADEA, bygd i 1991, går med Bahamas flagg. Heimehamna er Nassau. Skipet må reknast til eit mellomstort cruiseskip med maks passasjertal på 600. Med sine 173 meter rigga det godt i tronge farvatn, slik det er i Storsund.. Skipet kom frå Rosendal og har Hamburg som neste destinasjon.

MS HEBRIDEAN PRINCESS på veg inn Gavelen på føremiddagen.

Tidlegare på dagen kom MS HEBRIDEAN PRINCESS. Det er eit mindre farty som vi ser kvart år i Storsund. Ein ekslusiv lystbåt la seg til på Stølavikjo på kvelden, på det som før var merka som ankringsplass for mindre farty.

Den siste veka har mange merka seg eldre motorskøyter på seglas gjennom Storsund. Mange kjenner att den gode lyden frå dieselmotorane til Wickmann, Boilinder og Union.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Arne Rød/ Vidar Koløy/ Øystein Enæs



Ein eksklusiv fritidsbåt la seg til på Stølavikjo.